

ÅRSMELDING FOR DALE IL – FOTBALL 2012

STYRET:

Styret i fotballgruppa har vore samansett slik:

Leiar:	Ståle Haugen
Nestleiar:	Alf Magne Salbu
Sportsleg leiar:	Arve Helle
Medlemmer:	Svein Magne Myklebust Odd Helge Aase Nina Aas Trude selvaag
Økonomi rådgjevar	Magn-Helge Brattelid

LAGLEIARAR/TRENARAR:

A-lag	Kjartan Leirpoll/Stian Neset/Runar Aune/Eirik Systaddal
Andre lag	A-lag/Gutar/Hyllestad
Gutar	Gunnar Ulvik/Henrik Selvåg
Damer	Ståle Haugen
Smågutar	Roger Solheim/Cato Ness
Lillejenter	Erik Dale/Arve Antonissen/Alf Magne Salbu/Ståle Haugen
Lillegut	Øivind Helle/Inge Jakob Nyland/Knut Arne Kummenje/Ståle Brattelid
Miniputt	Ansvar Alf Magne Salbu og Stian Neset

STYREMØTE:

Det har vert heldt 6 styremøte siste året. Gruppa har hatt fleire arbeidsmøter der dei er representert frå styret som er berørt av sakene.

PÅMELDE LAG:

Vi har i sesongen 2012 hatt påmeldt 20 lag i seriesystemet. Dette betyr at fotballen held stillinga som den suverent største idretten i bygda og kommunen! Totalt har ca. 250 utøvarar våre innoom dei ulike laga våre i 2012. Vi har aldri før hatt så stor aktivitet på miniputt som i 2012.

Styret er særst godt nøgde med avviklinga av sesongen.

Viser elles til årsmelding frå dei ulike laga.

REPRESENTASJON:

Følgjande har hatt verv i SFFK i meldingsåret:

Sektor anlegg:	Jonh Helle
Styremedlem SFFK:	Arve Helle

IDRETTSANLEGG:

Kunstgrasbana fekk nytt dekke sommaren 2012. Takk til Fjaler kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane , Sparebankstiftinga Fjaler og Marine Harvest for støtte til realiseringa av prosjektet. Vi har med dette igjen eit moderne anlegg.

Høsten 2012 overtok vi 4 brakker frå DVGS. Desse er plassert ved kunstgrasbana og skal på sikt verte lager og møterom/lagsrom for våre lag. Marine Harvest har støtta prosjektet.

ØKONOMI:

For året 2012 har fotballgruppa gått med eit pent rekneskapsmessig overskot på ca 70 tusen. For utfyllande informasjon viser vi til rekneskap. Vi nemer spesielt at det ikkje er tilført midlar frå hovudstyret til fotballgruppa – det gjeld tilskot, grasrotandel eller del av momskompensasjon. Tar ein høgde for fotballgruppa sin store del av desse midlane ville det vore eit overskot på godt over 100.000..

SPORTSLEG:

A-laget hadde ein elendig vårsesong og var klart sist på tabellen ilag med Lærdal. Høsten byrja bra og vi plukka nok poeng til sjølv å kunne avgjere eiga skjebne til slutt. Det klarte vi ikkje etter uavgjort borte mot Lærdal og tap heime mot Balestrand. Dale tok dermed den tunge veggen ned i 5. divisjon.

Vi hadde samarbeidslag mellom Dale 2 og Hyllestad i 5. div på Dale sin plass. Dei gjennomførte ein godkjent sesong og beholdt plassen. Pga a-laget sitt nedrykk må dei også ned ein divisjon.

Vi opplevde også denne sesongen at det er stor interesse for A-laget. Dette engasjementet må vi klare å halde oppe i åra framover.

I dei aldersfastlagde klassane har vi elles lagt bak oss ein sesong på det jamne reint resultatmessig.

Vi registrerer at utfordringa med mindre kull slår ut for fullt. Her må vi gjere ein innsats slik at vi beholdt spelarane når dei kjem opp i denne alderen, og samtidig i større grad enn før hente inn frå nabobygdene (naboklubbane har også same utfordringa)

Viser elles til årsmelding for dei ulike laga.

Følgjande pokalar/utmerkingar er delte ut:

John Hope's minnepokal

Martin Tønning for sin innsats som spelar, instruktør og dommar.

Årets spelar damelaget:

Ingvill Solås

Årets mest framgangsrike på damelaget

Ota Garre-Fivelsdal

Årets spelar Dale 2/Hyllestad

Vegar Kjos

Årets mest framgangsrike på a-laget
Einar Aase

Årets spelar på a-laget
Runar Aune

50 kampar:
Martin Tonning, Jan-Anders T. Wichstrøm. Einar Aase, Tommy Holm

100 kampar:
Geir Loneland

200 kampar:
Kennet Vik

SISTE ORDET:

Det gjer godt å sjå den store aktiviteten i gruppa vår. Fotballgruppa ligg på samme antall aktive vi har gjort dei siste åra med ca 250 små og store utøvarar.

I aldersfastlagde klassar gjorde vi jamt over ein god sesong. Stor aktivitet og mange gode enkeltresultat og gode plasseringar i dei avdelingane vi var i. Vi registrerer rekord aktivitet på miniputt nivå – der det vert lagt ned eit godt grunnlag for framtidige spelarar.

Eg er imponert over antal tilskodarar på kampane. Vi har rundt 150- tilskodarar på kampane- dette er imponerende. Eg vil nytte høve til å takke alle i organisasjonen vår, samt sponsorar og andre som bidrar og gjer det mogeleg for oss å gjennomføre den store og viktige aktiviteten vi i dag har i klubben.

På seniornivå er målet raskast mogeleg retur til 4. divisjon.

Ståle Haugen
-leiar i fotballgruppa-